

# Historien om sykkel- og gangstien langs E 134 i Øvre Vats 1990 - 2010

## Litt om sjølve arbeidet med sykkel- og gangstien 1990 – 1998:

### Oppstart:

Dette vegprosjektet starta med at **rektor Jørgen Landa og FAU ved Øvre Vats skule** fekk i gong arbeidet med sykkel- og gangstiprosjekt etter Hå-modellen – dvs eit 3-delt samarbeidsprosjekt fordelt mellom Statens vegvesen, Vindafjord kommune og ei dagnadsnemnd oppnemnd av FAU.

Her vart **Arild Urdal, Kari Gjellestad og Sigve Eikeland** valde til å vera med å organisera..

Statens vegvesen tok kostnadene med røytrar, berelag og asfalt, kommunen tok utgifter til grunnavståing og dagnadsnemnda m/dagnadsfolk tok alt det praktiske arbeidet på seg.

Utan denne kostnadsfordelinga kunne me ikkje klart å få realisert dette prosjektet.

### 1. parsellen var offisielt opna 19. okt. 1991 – ein fin haustdag:

Denne parsellen gjekk frå Hansemann til Eikesdalsvegen (530 m) og vart offisielt opna av vegsjef Chester Danielsen saman med ordførar Gunnar Vierdal og rådmann Ottar Andreassen + andre frå kommunen og Rune Sandve frå Statens vegvesen + dagnadsnemnda som var Arild Urdal, Kari Gjellestad og Sigve Eikeland. Skulesjef Peder Lundegård leia denne fyrste opningsseremonien.

Mange bygdafolk – store og små var med og gjorde dette til ein flott fest.

Arild sa bl.a. i talen sin ved opninga: ”Eg oppfordrar folk til å gå på den smale vegen og ikkje på den farlege brede vegen.” I dag er det mange som har gleda av å gå på denne ”smale” veg.

### Den nåverande dagnadsnemnda vart vald i okt. 1991 og var samansett slik:

**Ottar Skjold, Kjell Skrunes, Anne Lise Sjurseike, Harald Haslemo, Knut Strand, Nils Olav Eidhammer og Jon Olav Velde.**

Jon Olav har heile tida vore leiar, skrivar og kasserar.

Dagnadsnemnda har i alle år arbeidt godt saman og hatt ein god tone seg imellom og med bygdefolket, Vindafjord kommune og Statens vegvesen.

Nemnda starta umiddelbart med å samla inn underskrifter av folk som kunne vera med å gjera dagnadsarbeid med traktor, lastebil, gravemaskin eller handamakt,. Dei aller fleste var positive til å vera med på dette.

Det vart skriva mange informasjonsbrev som gjekk ut til alle husstander i Øvre Vats der ein bad om pengegåver til bankkontoen me hadde og om direkte dagnadsarbeid. Ein god del gav pengar til drifta i staden for å arbeida. Dette kom vel med for å dekkja ulike driftsutgifter me hadde.

Nemnda hadde faste dagnadsmøte i brakka til Ottar Skjold mest kvar veke på tysdag- eller fredagskveldar for å planleggja og organisera arbeidet på fredag ettermiddag/kveld og laurdagen.

Ottar Skjold og Kjell Skrunes har stilt opp med sine gravemaskinar heile tida og fortener stor takk for det. Dagnadsnemnda tok opp lån i banken og kjøpte eigen Brøyt gravemaskin som vart mykje brukt.

Denne vart seld etterpå.

Sjølv om mange har vore med å jobba, har det blitt mykje ekstra arbeid på sjølve dagnadsnemnda med å organisera dagnadsfolk, samla inn pengar, skriva info.brev, ha rekneskapen i orden, ha møte m/kommunen og Statens vegvesen i tillegg til å sjølv å delta i dagnadsarbeidet.

Me har heile tida hatt ein god og konstruktiv dialog med kommunen og Statens vegvesen..

Tor Gunnar Skaar er den i kommunen me har hatt mest dialog med – han har vore til god hjelp i alle år og har synt samarbeidsvilje og vore positiv til prosjektet heile tida.

## **2. og 3. parsell vart opna 6. nov. 1993:**

Parsell nr. 2 gjekk **frå Eikesdalsvegen til Øvre Vats gartneri (650 m)**

og parsell nr. 3 gjekk **frå Øvre Vats bedehus til Sjurseike (800 m)** – med mange utfordringar gjennom bl.a. private hagar og oppkjørslar. Mykje skyting ute ved Kari og Nore Gjellestad der me måtte sperra hovudvegen fleire gonger.

Opningsseremonien var på Alvseike. Også denne gongen var vegsjef Chester Danielsen med og opna vegen saman med ordførar Signy Rønnevik + rådmann Ottar Andreasen m.fl. frå kommunen og Rune Sandve frå Statens vegvesen + mange frammøtte bygdafolk. Vats musikkorps sette farge på festen.

## **4. parsell vart opna 24. okt. 1995:**

Denne parsellen gjekk **frå Sjurseike til Knapphus (850 m)**. Dette var ein svært arbeidskrevande strekning med mykje skoging og masseforflytting, men med god hjelp av folk med traktorar, lastebilar og gravemaskinar, gjekk også dette greit. Det synt seg at mange hadde bruk for jordmassane.

Opningsseremonien hadde me på Knapphus like nedanfor huset til Olav og Ingeleiv Eide.

Ordførar Signy Rønnevik stod for sjølve opninga + kommunale folk og Vats musikkorps var med denne gongen og. Mange bygdafolk møtte opp for å vera med på opninga av denne vegstubben.

Med denne parsellen hadde me laga ferdig ein 3,2 km lang sykkel- og gangsti langs E 134 som me var stolte av. Svært mange har hatt gleden av denne vegen sidan han vart opna for 15 år sidan.

## **5. parsellen – Knapphusparsellen vart ferdig i slutten av mai 1998.**

**Denne parsellen på 350 m** gjekk frå Olav og Ingeleiv Eide til oppkjørsla til Knut Strand.

Hausten 1997 var Jarl Sjurseike interesert i å utvida parkeringsplassen for Knapphus bensinstasjon - då måtte E 134 forbi stasjonen leggjast ut. Då vart dagnadsnemnda kontakta og involvert.

20. mars 1998 hadde me møte hos Jon Olav og drøfta framdriftsplanen for denne parsellen.

Arbeidet var i full gong april og mai som også Statens vegvesen var sterkt involvert i. Om lag i månadsskiftet mai/juni vart den nye vegen E 134 asfaltert og ferdig opna.

Den 4. juni 1998 sådde Jon Olav grasfrø i rabatten mellom gangstien og E 134.

I september 1998 var dagnadsnemnda med på å støypa rabatt på parkeingsplassen ut mot den nye E 134.

## **Historien om lysprosjektet langs sykkel- og gangstien 1999 - 2010:**

Den 14. januar 1999 hadde dagnadsnemnda nytt møte hos Jon Olav der me drøfta lysprosjektet – fyrst ute ved Knapphusparsellen. Tor Gunnar Skaar var med på dette møtet.

Etter dette møtet gjekk Knapphus bensinstasjon inn og finansierte 9 lysmaster forbi bensinstasjonen langs den ”nye” knapphusparsellen nordover mot Nils Eidhammer. Dermed kunne Ottar Skjold ta til å grava kabelgrøft og leggja ned kabel og lysmastefundament langs knapphusparsellen våren 1999.

Dette var starten på å få lys langs heile gangvegen me hadde opparbeidd på dagnad.

Den 25. nov. 2006 sende Jon Olav søknad om veglys frå Knapphus til Aurdalsvegen til Vindafjord kommune v/Tor Gunnar Skaar. Denne søknaden vart sendt vidare til Statens vegvesen med grunngjeving at det var Statens vegvesen som er veghaldar for E 134.

Søknaden vart avslått i brev av 16. april 2007 – grunngjeving: det var ikkje pengar til dette korkje i Statens vegvesen eller i kommunen.

Det såg nå mørkt ut for å få dette i havn, men me gav oss ikkje – dette var noko me hadde lyst å prioritera. Her måtte me berre stå på vidare.

Då kommunen skulle grava kloakk- og vassleidning frå Veldefeltet og utover til Sjurseike langs sykkel- og gangstien, vart eg kontakta av Knut Strand som sa at nå var det kanskje pengar å henta til lysprosjektet langs vegen. Dermed sette me i gong med å prøva å få finansiera lysmaster – det skulle syna seg å bli eit langt og tidkrevande arbeid.

Etter svært mange ”tiggarbrev”/søknader til private firmaer og offentlege instansar og gjentatt ”masing” om pengestønad til prosjektet, har det nå lukkast å få lysmaster opp med jordkabel heilt frå Knapphus til Øvre Vats bedehus til stor nytte og glede for alle mjuke trafikantar som ferdast der.

**Her vil eg nemna viktige sponsorar:** VAF, Knapphus bensinstasjon, AF Decom, SR-bank, Velde Tomteselskap, Øvre Vats ungdomslag, Vats bygdeungdomslag, Knapphus kjøkkensenter, Traktor og Maskin, Murmester Odd Gjellestad, Berge Sag, Vindafjord kommune og Statens vegvesen. Haugaland Kraft gav oss litt rabatt for arbeidet med å montera og heisa mastene på plass.

Det må nemnast at Ottar Skjold og Kjell Skrunes stilte opp med sine gravemaskinar då kabelgrøftene skulle gravast frå Knapphus til Sjurseike + at me i nemnda o.a. var med og arbeidde med sjølve nedlegginga av kablar og fundament – alt på dugnad.

Mat fekk me servert av takksame damer.

Frå Sjurseike og til Øvre Vats bedehus vart kabel og fundament lagt ned i same grøfta som kloakk- og vassleidninga ligg i. Dette var me svært glade for.

Me har kjøpt alt utstyr til 34 master av Haugaland Kraft – jordkabel, fundament og lysmaster. På dugnad har me montert alle lysmaster og heist desse på plass ved at Øyvind Eikeland stilte opp med stor kranbil. **Den 6. okt. 2010** var alle mastene på plass. Haugaland Kraft kobla til lysarmatura berre nokre dagar etterpå - **måndag 11. oktober lyste alle mastene til stor glede for store og små .**

**Me samla inn heile 478 500 kr til kjøp av lysmaster**, men dette var ikkje nok – me trong 640 000 kr. til kjøp av lysmaster + moms dvs. vel 800 000 kr m/moms. Alt arbeid med å grava kabelgrøft og leggja jordkabel og fundament kom sjølvstilt i tillegg – dette måtte gjerast på dugnad.

Etter samtale med Vindafjord kommune tok dei momsen på seg og forskotterte dei siste mastene for at me skulle få slutføra prosjektet vårt. Også her har teknisk sjef i kommunen Tor Gunnar Skaar, vore til stor hjelp for oss for å få fullført arbeidet. Han har heile tida vore positiv og hjelpsam trass i alt maset frå leiaren i nemnda.

Syssel- og gangstien er svært kjærkommen for folk i alle aldrar og blir mykje brukt både på dagtid og på kveldstid.

Eg vil med dette oppfordra kommunen og Statens vegvesen til å gå vidare med lysprosjektet til Aurdalsvegen og forlenga sykkel- og gangstien m/lys til Eikeland og mot Ølensvåg og utover frå Knapphus til Krakk og vidare mot Skjold.

Eg vil nå utfordra Grendautvalet i Vats til å vera pådrivar for å gå vidare med trafikksikringstiltak i heile bygda.

**Med dette takkar eg dugnadsnemnda og kommunen for godt og konstruktivt samarbeid i desse 19 åra: 1991 – 2010**

**Øvre Vats 3. nov. 2010**

**Jon Olav Velde**  
**- leiar/skrivar-**